



Nordherad - utvald kulturlandskap i jordbruket

Informasjonsskriv 1-2020

Frå 2020 vil alle søknadar om tilskott til utvalde kulturlandskap bli handsama av kommunen.

Tilskott til investeringstiltak i utvalde kulturlandskap blir behandla etter «forskrift om tilskudd til tiltak i utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap».

I forvaltningsplanen for Nordherad (2016) er skissert overordna føringar for forvaltning av kulturlandskapet og for bruk av midler.

Tilskott og utmåling:

<p><u>Istandsetting og sikring av bygningar og kulturminne</u></p> <p>For bygningar blir det gitt tilskott til tiltak for å sikre/reparere bygningskroppen med grunnmur, dørar/vindauger. Standardheving/innvendig opprusting fell utanfor, med unntak for driftsbygningar i landbruket, jf. neste punkt. Bygningar med bevaringsverdi må ha ein tiltaksplan som tar antikvariske omsyn.</p> <p>Ein kan og få tilskott til kulturminne som ein ønskjer å sette i stand, sikre mot forfall eller synleggjera.</p> <p>I den årlege prioriteringa blir det lagt vekt på m.a. desse kriteria:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kor utsett og sjeldan bygningen/kulturminnet er• Kor representativ og autentisk bygningen/kulturminnet er• Verdi for dokumentasjon og historieforteljning• Aktuell bruksverdi i næring• Føresetnader for ei vellykka restaurering	<p><u>Andre tiltak</u></p> <p>Andre tiltak kan m.a. vera</p> <ul style="list-style-type: none">• Årlege tilskott til skjøtsel av areal.• Rydding/tynning av attgroingsareal• Mindre, driftsmessige tiltak som fell utanom bygdeutviklingstilskotta• Oppsetting av gjerde for å kunne ta i bruk innmarksbeite• Bygg eller anlegg som bidrar til å halde i hevd natur- og kulturverdiar• Tiltak som legg til rette for ferdsel og oppleving og informasjonstiltak <p>Det kan og i spesielle høve bli gitt tilskott til planlegging av tiltak.</p> <p>Tiltaka blir prioriterte ut frå kva effekt dei vil ha for natur- og kulturverdiar, og driftsmessige tiltak som bidrar til å ta vare på miljøverdiar t.d. gjennom beiting har høg prioritet. Det blir og lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none">• Heilskapelege miljø• Allmenn tilgjengelegheit/bruk• Planlegging i fellesskap og samarbeid om gjennomføring
---	---

Tiltakskategoriar og tilskottssatsar:

Kategori med eksempel		Kommentar/eksempel	Tilskottssats
1	«Bolig»: Våninghus, sel med boligstandard	Kan vurdere høgare sats for ekstra kostnader pga. antikvariske omsyn	25-35 %
2	«Tun»: Driftsbygningar og andre bygningar som vil bli brukte i næring, kulturminne i private område	Det kan ev. søkast BU-midlar til innvendige tiltak (sjå òg pkt. 5)	35-50 %
3	«Nærmiljø»: Andre bygningar på/nær gardstunet, tilrettelegging for ferdsel	Stabbur, tørrstugu, smie, rydding av stigar	50-60 %
4	«Landskap»: Tiltak med liten privat nytteverdi, bygningar utanfor gardstunet, kulturminne i fellesområde, rydde beite	Lyu, husmannsplass, uthus på seter, tufter, vassveiter	60-80 %
5	«Drift»: Mindre driftsmessige tiltak som fell utanom bygdeutviklingsmidlane	Driftsbygningar og andre anlegg (mekanisering, mindre ombyggingstiltak)	Opptil 115 000 kroner pr. tiltak, maks. 40 %

I kostnadsoverslag for tiltaka blir det for 2020 gått ut frå ein kostnad på 310 kr/time for eige arbeid frå eigar og vaksne medlemmar av huslyden. For dugnad frå andre enn huslyden er satsen 155 kr/time (16 år og eldre) eller 115 kr/time for yngre. For eige arbeid som blir utført med traktor etc. kan det godkjennast ein høgare timesats.

Søknad:

Frå i år skal søknadar leverast elektronisk.

Du finn søknadskjema ved å gå inn på landbruksdirektoratet sine sider. Ved oppslag på "alle direktoratets digitale tjenester" må du opne fanen "Utvalgte kulturlandskap i jordbruket".

Lenke til landbruksdirektoratets digitale tenester: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/digitale-tjenester>

Søknadsfrist: 16. juni.

Har du spørsmål eller treng råd om å søke tilskott kontakt Landbrukskontoret v/ Kjersti Reksen (kjersti.reksen@vaga.kommune.no) eller leiar i Nordheradsprosjektet, Einar Hårstad (einhaars@online.no) .